

Se høyringsliste

## **HØYRING AV UTKAST TIL ENDRING AV FORSKRIFT OM VERN AV PRODUKTNEMNINGA HARDANGERPÆRER SOM GEOGRAFISK NEMNING**

På vegner av Mattilsynet sender Stiftelsen Norsk Mat med dette eit utkast til endring av forskrift 25.08.2006 nr 997 ut på høyring, jf. lov av 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker § 37.

Ein førespurnad om endring av forskrifta for vern av produktnemninga av *Hardangerpærer* blei sett fram av rettmessig brukar 30. januar 2019. Søkjar har erfart at krava i produktforskrifta til dels er for detaljerte og ikkje i tråd med dagens praksis blant produsentar. Dei ønskjer også å få høve til å bruke namnet «Pærer frå Hardanger» og begge målformer.

I samsvar med forskrift 5. juni 2002 nr. 698 § 16 om vern av opphavsnemningar, geografiske nemningar og nemningar for tradisjonelt særpreg på næringsmiddel (forskrift om verna nemningar) kan rettmessig brukar søkje om å få gjort endringar i ei vedteken produktforskrift.

### **Forskrift om verna nemningar § 16 Endring av produktforskrift**

I samsvar med § 16 kan det søkjast om endring av ei produktforskrift «*dersom teknikk og vitenskap endres eller det reiser seg behov for å omdefinere et geografisk område*». Ut frå ordlyden kan det sjå ut som det berre er høve til å endre områda som er oppgitte i føresegna.

Det norske regelverket skal i prinsippet svare til EU-regelverket på området. Når det gjeld endringar i ei produktforskrift, opnar EU-forordninga (Regulation No 1151/2012 art 53) og EUs praksis for andre endringar enn på områda vitenskap, teknikk og geografisk område. Ved praktisering av det norske regelverket for vern av produktnemningar skal ein følgje praksisen til EU, og det gjeld også på dette området.

Stiftelsen Norsk Mat legg til grunn at det er mogleg å gjere endringar i ei vedteken produktforskrift også på andre område enn dei som går fram av sjølve ordlyden i § 16.

### **Endringar i forskrifta**

#### **Tittel**

Tittelen på forskrifta endrast til *Forskrift om vern av Hardangerpære / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger som geografisk Nemning*.

### **Produktforskrifta § 1 Verna produktnemning**

Det verna produktnamnet blir utvida til også å omfatte «*Pærer frå Hardanger*» samt tilgang til bruk av begge målformer.

Grossist- og omsetningsleddet styrer korleis emballasjen skal vere i butikk. For frukt har dei ein felles profil, m.a. på korleis namna skal skrivast. For pærer skal namnet i enkelte butikkjeder skrivast «Pærer frå Hardanger / Pærer fra Telemark». I praksis inneber dette at det verna namnet er ei hindring for å få *Hardangerpærer* ut på marknaden. Produktnamnet «Pærer fra Hardanger» har vore brukt i lang tid og er eit namn som er innarbeidd hos forbrukarane.

For produsentane vil ei slik utviding av namn og bruk av begge målformer innebere ein fleksibilitet som opnar for auka sal (volum) og høgare pris. Endringa vil difor vere i tråd med den auka verdiskapinga som er formålet med merkeordninga.

Praksis frå EU viser at vern av to eller fleire nemningar ikkje er uvanleg dersom nemninga til produktet er kjend under fleire namn eller blir skriven ulikt på språka/dialektane i det aktuelle geografiske området. I og med at vi skal følgje EU i måten å praktisere regelverket for verna nemningar på, har dette vore gjort også i Noreg.

Nye produsentar kan bruke namnet *Hardangerpærer* og *Pærer frå Hardanger* både på nynorsk og bokmål ved å melde seg inn i samanslutninga. Alternativt er det mogleg å søkje Mattilsynet om å bli rettmessig brukar av det verna namnet *Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger* jf. forskrift om verna nemningar § 22.

Produktnamnet *Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger* blir endra i heile produktforskrifta.

### **Produktforskrifta § 3 nr 2 Geografisk område**

Kommunenamn og -struktur er i endring og kan ikkje beskrive eit geografisk område åleine.

Granvin kommune blei i 2020 slått saman med Voss, og dette gjer det vanskeleg å slå fast kva som er det geografiske området Hardanger. Søkjar foreslår ei beskriving som tydeleggjer det geografiske området i tråd med definisjonen i Store norske leksikon, gamle nemningar og den tradisjonelle oppfatninga av Hardanger.

Hardanger blir definert som «*området rundt de indre delene av Hardangerfjorden, regnet fra de sørligste grensene til kommunene Kvam og Ullensvang og inkludert fjordarmene Granvinsfjorden, Osafjorden med Ulvikpollen, Eidfjorden med Simadalsfjorden og Sørfjorden*».

Stiftelsen Norsk Mat er samd i dette og foreslår at geografisk område blir endra i samsvar med tilrådinga frå søkjar.

### **Produktforskrifta § 3 nr 1 Produktbeskriving**

#### *Pæresortar*

I produktforskrifta § 3 nr 1 er namnet *Hardangerpærer* avgrensa til sortane som er nemnde i produktforskrifta: *Hardangerpærer er pærer (Pyrus) dyrka i Hardanger av sortane Clara Frijs, Herzogin, Elsa, Ingeborg, Moltke og Philip*.

I tillegg er det laga ein tabell med krav til storleik og oppløyst tørrstoff.

Vernet av *Hardangerpærer* blei vedteke allereie i 2006. Den gongen tok ein utgangspunkt i dei mest vanlege pæresortane som blei dyrka i Hardanger.

Produktforskrifta blir utvida til også å omfatte «andre sorter» med definerte krav til storleik og oppløyst tørrstoff. Nokre sortar blir dessutan fjerna og ein ny blir lagt til.

Det skjer ei kontinuerleg utvikling av nye sortar som kan ha dyrkingsverdi i Hardanger.

Forbrukarpreferansane endrar seg over tid, og det er viktig å kunne tilby nye sortar eller sortar som det blir dyrka lite av i dag, og som har ein attraktiv produktkvalitet for forbrukarane. Dette handlar om å vere konkurransedyktig på marknaden. Søkjar er klar over at det er mogleg å søkje om endringar av produktforskrifta også seinare, men dette er ressurskrevjande både økonomisk og tidsmessig. Minstekrav til storleik, dekkfarge og oppløyst tørrstoff sikrar kvaliteten på pærene og stettar tilsyns- og kontrolltekniske omsyn.

Herzogin Elsa, Moltke og Philip blir fjerna, då dette er sortar som ikkje er etterspurde. Clara Frijs, Ingeborg og Celina er sortar som er ønskte av handelen. Celina var ikkje med i den gamle produktforskrifta, men er no ein etterspurd sort.

Dyrkingsforholda kan ikkje overstyre sorteigenskapane, men påverkar sluttkvaliteten på pærene. Sortane som er omfatta av dagens produktforskrift, har ulike eigenskapar og bidrar til eit mangfaldig pæreutval.

Eigenskapane vil også variere for eventuelle nye sortar og sortar som i dag berre blir dyrka i lite omfang. Ikkje alle pæresortar vil vere eigna for dyrking i Hardanger. Ueigna sortar vil ikkje kunne tilfredsstillе krava til kvalitet gitte for «andre sorter», jf. utkast til ny tabell (storleik og oppløyst tørrstoff).

Det er grundig dokumentert at Hardanger har gunstige dyrkingsforhold også for pærer. Kvaliteten og eigenskapane som særmerker pærene, vil dermed henge klart saman med det geografiske opphavet, uavhengig av sort. Dette er også lagt til grunn i den opphavlege søknaden, då tilknytingskriteriet ikkje er vurdert opp mot den enkelte sorten.

Kravet som forskrifta for verna nemningar § 7 nr. 3 stiller til tilknytning mellom geografisk dyrkingsområde og kvaliteten og eigenskapane som særmerker produktet, vil dermed vere oppfylt, uavhengig av pæresort.

#### *Produktkrava i tabellen*

Kravet til storleik for dei ulike sortane blir utvida slik at fleire pærer blir omfatta av produktforskrifta. Clara Frijs blir auka frå «60–85 mm» til «50–90 mm». For «andre sorter» blir kravet sett til «50–95 mm» for å ta høgde for at det kan kome sortar som har like god kvalitet sjølv om dei er store. For sorten Celina blir kravet sett til «50–95 mm».

Kravet til refraktometerverdi endres til «10,5 – 12%» for at fleire pærer med god kvalitet skal kunne bli omfatta av produktforskrifta.

#### Produktforskrifta § 3 nr 3 Produksjonsmetode

##### *Planting og dyrking*

Ordlyden i kravet til planting og dyrking blir forenkla.

Gjeldande ordlyd er sær detaljert. Den nye ordlyden blir tilpassa praktisk dyrking utan at det går ut over kvaliteten på pærene. Dyrkingspraksisen er i kontinuerleg utvikling og hensikta med endringane er å fange opp litt ulik praksis hos dyrkarane, samstundes som eventuelle framtidige mindre endringar blir tekne høgde for utan at ein treng endre produktforskrifta på nytt.

##### *Lagring*

Når det gjeld lagring, blir krava skjerpa ved at pærene skal fraktast raskare til lageret og at det blir stilt krav til optimal luftfuktigheit. «Pærene skal leveres til kjølelager samme dag som høsting, og raskt kjøles ned til rett temperatur og optimal luftfuktigheit». Kva som blir rekna som optimal luftfuktigheit, kan endre seg over tid.

#### **Produktforskriftens § 3 nr. 4 Merking av produktet**

Logoen for beskytta geografisk nemning skal kunne brukast både på nynorsk og bokmål i tråd med bruk av produktnamnet på begge målformer.

#### **Konsekvensar av ei eventuell endring i forskrift om vern av *Hardangerpærer***

Dersom endringane blir vedteke, må alle rettmessige brukarar av produktnemninga følgje den nye produktforskrifta sine avgjerder.

#### **Utkast til endring av produktforskrift**

Utkast til endring av forskrift for vern av *Hardangerpærer* er gitt med heimel i § 16 i forskrift om verna nemningar.

Høyringsbrev m/høyringsliste og utkast til endra produktforskrift er òg lagt ut på internettsida [www.beskyttedebetegnelse.no](http://www.beskyttedebetegnelse.no)

**Høyringsfrist**

Frist for innsending av innvendingar mot forskrift om vern av *Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger* er sett til 6.juni.2023.

Med venleg helsing  
For Stiftelsen Norsk Mat

Nina Wærnes Hegdahl  
Fagsjef lokalmat/ Advokat

Gunnhild Aastgård Kristianslund  
Seniorrådgivar

Vedlegg:

Høyringsliste

Utkast til forskrift om endring av forskrift om vern av produktnemninga *Hardangerpærer* som beskytta geografisk nemning

**Høringsliste**

Forbrukertilsynet  
Forbrukerrådet  
Norsk Gartnerforbund  
Statsforvalteren i Agder  
Statsforvalteren i Innlandet  
Statsforvalteren i Møre og Romsdal  
Statsforvalteren i Nordland  
Statsforvalteren i Oslo og Viken  
Statsforvalteren i Rogaland  
Statsforvalteren i Trøndelag  
Statsforvalteren i Troms og Finnmark  
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark  
Statsforvalteren i Vestland  
Statsforvalteren i Nordland  
HANEN  
Innovasjon Norge  
Kompetansenavet Vest, Sogn Jord- og Hagebruksskule  
NHO Mat og Drikke  
NIBIO  
Nofima  
Norges Bondelag  
Norsk Bygdekvinne­lag  
Norsk Bonde- og Småbrukarlag  
Norsk Landbrukssamvirke  
NMBU  
Patentstyret

## Utkast til forskrift om endring av forskrift om vern av produktnemninga Hardangerpærer som beskytta geografisk nemning

**Hjemmel:** Fastsett av Mattilsynet (dato) med heimel i forskrift 5. juli 2002 nr. 698 om beskyttelse av opprinnelsesbetegnelser, geografiske betegnelser og betegnelser for tradisjonelt særpreg på næringsmidler § 15 og lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) § 30, jf. delegeringsvedtak 19. desember 2003 nr. 1790.

### I

I forskrift 25. august 2006 nr. 997 om vern av produktnemninga Hardangerpærer som beskytta geografisk nemning gjer ein desse endringane:

#### Tittelen på forskrifta skal lyde:

Forskrift om vern av *Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger som geografisk nemning*.

#### § 1 skal lyde:

§ 1 *Beskytta produktnemning*

*Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger.*

#### § 3 skal lyde:

§ 3 *Vilkår for bruk av produktnemninga*

##### 1. Produktbeskriving

*Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger er pærer (Pyrus) dyrka i Hardanger.*

*Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger skal ha dei spesielle eigenskapane som er karakteristiske for den enkelte sorten når det gjeld storleik, form, farge og smak, og tilfredsstillende minimumskrav til storleik, og refraktometerverdi i tabell 1.*

*Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger skal vera feilfrie og ha stilk.*

Tabell 1: *Produktkrav (minimumskrav) Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger*

<b>Pæresort</b>	<b>Diameter (mm)</b>	<b>Refraktometerverdi (%)</b>
<i>Celina</i>	<i>50 - 90</i>	<i>10,5 - 12</i>
<i>Clara Frijs</i>	<i>50 - 90</i>	<i>10,5 - 12</i>
<i>Ingeborg</i>	<i>50 - 95</i>	<i>10,5 - 12</i>
<i>Andre sorter</i>	<i>50 - 95</i>	<i>10,5 - 12</i>

##### 2. Geografisk område

*Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger skal dyrkast, sorterast og pakkast i Hardanger. Hardanger definerast som området rundt dei indre delane av Hardangerfjorden, rekna frå dei sørlegaste grensene til kommunane Kvam og Ullensvang og inkludert fjordarmene Granvinsfjorden, Osafjorden med Ulvikpollen, Eidfjorden med Simadalsfjorden og Sørfjorden.*

##### 1. 3. Produksjonsmetode

*Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger skal dyrkast etter moderne produksjonsmetodar. Pæretrea skal plantast og formast på ein måte som sikrar gode lysforhold i alle delar av trea.*

*Pæretrea skal plantast på jord som er veldrenert, porøs, kalka og grunnkjødsla før utplanting. Trea skal ha støttesystem.*

*Trea skal handtynnast ved behov, eventuelt i kombinasjon med bruk av kjemiske tynningsmiddel. Plantevern skal gjennomførast etter prinsippet om integrert plantevern. Det skal vatnast etter behov og kalkast og gjødslast planmessig.*

*Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger skal tilfredsstilla produktkrava i tabell 1. Pærene skal leverast til kjølelager same dag som hausting, og raskt kjølast ned til rett temperatur og optimal lufråme.*

#### *4. Merking av produktet*

*Hardangerpærer / Pærer frå Hardanger / Pærer fra Hardanger kan merkjast med figurmerket for beskytta geografisk nemning / beskyttet geografisk betegnelse.*

## II

Endringane i punkt I ovanfor trer i kraft straks.